



Vår ref.: 2023/267-2

Dato: 27.02.2023

Til: NVE v/ George Nicholas Nelson

e-post til: uttalelse@nve.no

Kopi på e-post til: genn@nve.no

Frå: Kvinnherad kommune

Høringsuttale 202211253: Frå Kvinnherad kommune

Søknad om konsesjon for opprustning/utviding av Folgefonnanlegga ved bygging av Mauranger 2 kraftverk, Blådal og Svartedal pumpestasjonar og overføringar

Innhald

1	Innledning og bakgrunn	1
2	Vurdering av konsesjonssøknaden	2
2.1	Innleiing – verdien av kraftproduksjonen i Folgefonnanlegga.....	2
2.2	Kva miljøkonsekvensar gir prosjektet for Kvinnherad- og Ullensvang kommune?	4
2.2.1	Hydrologi	5
2.2.2	Vanntemperatur, isforhold og lokalklima	8
2.2.3	Erosjon	8
2.2.4	Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser	8
2.2.5	Naturmangfald	9
2.2.6	Landskap og friluftsliv	9
3	Kva innvirkning vil utbygginga ha på kommunane sin økonomi?.....	10
4	Samordning av utbyggingssaka og revisjonssaka i Maurangervassdraget	13

1 Innledning og bakgrunn

Statkraft Energi AS har søkt om konsesjon for opprustning/utvidelse av Folgefonnanlegga. Søknaden omfattar bygging av Mauranger 2 kraftverk, Blådal og Svartedal pumpestasjonar og overføringar.

Norge og Europa treng meir fornybar energi, og kommunane er innforstått med å måtta bidra ved å stilla sine naturressursar til disposisjon. Samtidig må både Statkraft og konsesjonsmyndighetene ta innover seg dei store naturinngrepa Folgefonnanlegga representerar, i form av arealbeslag,

tørrlagte elvestrekningar, overføring av vatn mellom vassdrag i eit nett av tuneller, demningar, vasskraftmagasin med store reguleringshøgder, massedeponiar og anleggsvegar, til fortrensel for andre naturaktivitetar som friluftsliv, turisme mv. Kommunane meina difor dei nye inngrepa det no blir søkt om, må sjåast i samanheng med allereie gjennomførte utbyggingar og påførte inngrep som er omfatta av den pågåande vilkårsrevisjonen.

I tillegg har Statnett planar om å setje opp store master som skal få straumen distribuert, og Vestland fylkeskommune har planar om ein tunell mellom Austre pollen og Nordre pollen som truleg vil koma i løpet av dei neste åra. Difor blir det svært viktig å samkøyre dei ulike prosjekta for å skåna desse bygdene som får desse store utbyggingsprosjekta. Desse offentlege verksemdene: Statskraft, Statnett og Vestland fylkeskommune må arbeida saman for å redusera tal år med diverse anleggsarbeid i Austrepollen, Nordrepollen og Sunndal. Aktørane blir også oppmoda om å bruka overskotsmassane til samfunnsnyttige tiltak som t.d. infrastruktur, næringsareal og bustadareal

Utbyggingsplanane som er illustrert i konsesjonssøknaden til Mauranger 2 og nærare skildra i KU-rapporten frå SWECO er omfattande. Det følger av søknaden at Mauranger skal tredoblast frå 250 MW til 880 MW. Ifølge ein uttale frå Statskraft til EuroPower den 7. juni 2022, er det 40 år sidan selskapet sendte inn ein så stor konsesjonssøknad. I same artikkel er det opplyst at moderniseringa vil gjera Mauranger 2 til Norges tredje største kraftverk målt i effekt. Konsesjonssøknaden blir ytterlegare komplisert av at den gripe inn i den pågåande revisjonsprosessen i Maurangervassdraget, utan at dette er nærare kommentert korkje i konsesjonssøknaden eller dei KU-rapportane som fyljer med. Det føreligg per dato ikkje noko revisjonsdokument, men i ein førebels tilbakemelding i revisjonssaken i brev datert 22. juni 2021 har Statskraft gått hardt ut mot fleire av dei krav som kommunane har stilt i revisjonssaka på vegne av allmenne interesser i kommunane.

Kommunane har verken naturfagleg kompetanse eller tilstrekkeleg kapasitet til å kunna vurdere konsekvensane av dei to sakene som no går parallelt. Kommunane har difor etter ei nærare vurdering sett seg nøydd til å engasjera juridisk og sakkyndig kompetanse. Kommunane har mellom anna henta inn ein sakkunnig vurdering av miljø konsekvensane av Mauranger 2 sett i lys av den komande vilkårsrevisjonen (sjå vedlagt notat frå professor Tor Haakon Bakken (heretter Bakken)). Etter innspel frå kommunane, har Statskraft vidare kome med to tilleggsutgreiingar datert 25. november 2022, og ein meir utfyllande vurdering av dei økonomiske konsekvensane utbygginga av Mauranger 2 vil få for Kvinnherad datert 2. desember 2022. Kvinnherad og Ullensvang kommune sin høyringsuttale byggjer på dei dokumenta som er nemnt over.

2 Vurdering av konsesjonssøknaden

2.1 Innleiing – verdien av kraftproduksjonen i Folgefonnaanlegga

Utbygginga av Folgefonnaanlegga (Mauranger 1 mv.) har vore av stor betydning for nasjonal energiforsyning. Utbygginga har og hatt stor lokal verdi, og har bidratt til å gje kommunane nødvendige økonomiske rammer for å oppretthalda eit godt tenestetilbod til kommunane sine innbyggjarar og til ei viss grad forbeta vegforbindelsen til Odda (Tokheim) gjennom Folgefonnstunnelen. Det har og vore svært viktig at utbyggingane har gitt nokre varige arbeidsplasser, først og fremst i Mauranger.

Den store samfunnsmessige nytteverdien som Maurangerutbygginga representerar, har likevel kome på bekostning av store og verdifulle naturområder og ein storslått vassdragsnatur. Etter kommunane sitt syn bør vidare utbygging og opprustning av dei eksisterande reguleringsanlegga totalt sett bidra til å avbøta skader og ulemper som er kome av tidlegare utbyggingar. Dette kan

sikrast ved å kombinera saksbehandling av saka om vilkårsrevisjon med søknaden om tillatelse til å etablere Mauranger 2 kraftverk, Blådal og Svartedal pumpestasjonar med overføringar (sjå nærare om dette nedanfor under punkt 5).

Kraftmarknaden varierar etter forbruks- og tilgangsmønster. I KU-rapporten på side 1 peikar SWECO på at det med fleire kraftkablar til kontinentet og Storbritannia, og aukande kraftproduksjon frå vind/sol, må forventast større svingingar i kraftprisen:

«Ved bygging av Mauranger 2 øker fleksibiliteten til dagens Mauranger og Jukla kraftverk slik at alle kraftstasjonene vil primært produsere energi når forbruket er høyt og/eller når vind/sol-produksjonen er lav. Kraftverkene vil i tillegg kunne levere mer systemtjenester.»

Statkraft peikar vidare på søknaden på side 32 at norsk klimapolitikk er tett knytta til europeisk klimapolitikk og Paris-avtalen. Innan 2030 skal klimagassutsleppa reduserast med 55 prosent samanlikna med 1990-nivå. Statkraft viser til at kraft frå vind, småkraft og sol er forventa å bli dei største bidragsytarane, men peikar samstundes på at for kraftbalansen vil det føra med seg auka behov for regulerbar kraft. Den reguleringsevna som opprustning/utviding av Folgefonnanlegga ved bygging av Mauranger 2 kraftverk mv. representerar, vil ifølgje kraftselskapet ha ein stor betydning i denne samanhengen:

«Ved utbygging av et kraftverk med inntak i et stort magasin og utløp i fjorden skapes et kraftverk som er velegnet for både langtids- og korttidsregulering og for leveranse av systemtjenester til nettoperatør.»

I oversendelsesbrevet fra Statkraft datert 2. juni 2022 står det vidare på side 1:

«Mesteparten av energien produseres i dag i Mauranger kraftverk om sommeren fordi tilsiget kommer hovedsakelig inn nedstrøms hovedmagasinet Juklavatnet. Mauranger 2 gir netto økt energiproduksjon, men den økonomiske gevinsten i prosjektet ligger primært i å kunne produsere mer energi i perioder med høyt forbruk og/eller lav produksjon fra vind, sol og uregulert vannkraft.»

Dette er nærmeare beskrevet i søknaden på side 3:

«Med flere utenlandsforbindelser og økende kraftproduksjon fra vind og sol, så forventes det større svingninger i kraftprisen. Ved bygging av Mauranger 2 på 315-630 MW og Svartedal pumpestasjon på 40 MW øker fleksibiliteten slik at også eksisterende Mauranger og Jukla kraftverk vil produsere energi primært når forbruket er høyt og/eller når produksjonen fra vind og sol er lav.»

Videre heter det:

«Hovedgevinsten ved tiltaket er tilskudd av etterspurt regulerbar kraft som oppnås ved økt effekt-installasjon og overføring av vann til Juklavatnet. Det er beregnet at tiltakene vil resultere i en netto økt kraftproduksjon på 70-80 GWh/år. I tillegg oppnås en merinntekt ved økt leveranse av systemtjenester (motregulering av korttidsendringer i nettet). Kostnaden for prosjektet er anslått til 2,5 mrd.kr. i Alt. 1. Ved trinnvis utbygging, i Alt. 2, så vil første trinn koste nærmeare 2,7 mrd.kr. og andre byggetrinn 1,2 mrd. Kr. Byggetid er hhv 3-3,5 år.»

Kostnadane med utbygginga seier noko om den auka verdien av den regulerbare krafta og mogelegheit for effektkøyring som Folgefonna anlegga representera. Det er kommunane sitt syn at ein del av denne auka verdiskapinga må brukast på tiltak for å betra miljøtilhøva i heile vassdraget. Kommunane kan ikkje akseptera ei slik utbygging med store lokale konsekvensar, utan at dette blir kompensert i form av konkrete forpliktingar med omsyn til miljøtiltak og forbetringar knytt til eksisterande reguleringar og nye ulemper.

Kommunane er opptatt av å forbetra tilhøva i og langs vassdraget, og då først og fremst av omsyn til fiske og friluftsliv. Den pågåande vilkårsrevisjonen er vidare ei stor og viktig sak for lokalsamfunnet som er knytt til vassdraget mellom anna med omsyn til landskap og estetiske tilhøve. Målet er å få oppdatert/modernisert reguleringsforutsetnadane med bakgrunn i dei erfaringar ein har erfart etter at den første konsesjonen blei gitt.

I ein ny konsesjon for Mauranger 2 kan det setjast vilkår for drift av anlegget og gje pålegg om tiltak for å unngå eller redusera skadar og ulemper.

Kommunane forventar difor at det i konsesjonen blir sett krav om at Statkraft skal bidra til å vidareutvikla heile området i høve til fiske, landskap, turisme og friluftsliv i samarbeid med kommunane, slik at det blir lagt tilrette for ei samfunnsøkonomisk fornuftig utvikling av alt areal som vedkjem Folgefonnanlegga.

2.2 Kva miljøkonsekvensar gir prosjektet for Kvinnherad- og Ullensvang kommune?

SWECO har på oppdrag frå Statkraft utarbeidet ein KU-rapport for Mauranger 2 kraftverk med Blådal og Svartedal pumpestasjonar. KU-vurderinga omfattar ulike fagtemaer som er tatt inn i rapporten.

SWECO meina den samla påverknaden av dei eksisterende inngrepa og det tiltaket det no blir søkt om «*ikke vil få negative virkninger av betydning for de verdiene som er registrert i tiltakets influensområde*». Det kjem fram av samanstillinga av konsekvensar og samla påkjenning i KU-rapporten kapittel 19, at dei største negative verknadane vil koma i anleggsfasen.

Når det gjeld konsekvensutgreiinga sin oppbygging, er det opplyst at prinsippa i Statens vegvesen sin vegleiar «Håndbok V712 Konsekvensanalyser» (2018) er lagt til grunn for arbeidet. For miljøtemaene har SWECO i tillegg basert seg på Miljødirektoratets vegleiar M-1941 «Konsekvensutredninger for klima og miljø» (2020). Konsekvensane for dei ulike teama er vurdert med utgangspunkt i eit 0-alternativ som skildrar den antatte situasjonen i dei områda som vedkjem utbygginga dersom utbyggingstiltaket ikkje blir gjennomført. 0-alternativet blir altså definert som dagens situasjon.

Dersom SWECO hadde tatt utgangspunkt i driftsmønsteret slik det var *før* energilova blei endra og kraftmarkedet deregulert, ville dei negative konsekvensane ved ei utbygging truleg blitt sett på som større enn det som går fram av gjeldande konsekvensvurdering. Dereguleringa i starten på nittitalet har fått den konsekvens at manøvreringa av reguleringsmagasina endrar seg i takt med endra lønnsemd og vurderingar kring dette. Dette har igjen ført til hyppigare vassstandspendlingar med vidare negative konsekvensar for miljø og brukara av vassdraga.

Kraftutveksling med kontinentet har og ført til utjamning av sommar og vinterprisar, som igjen har ført til større sommarproduksjon og dermed nedtrapping i ei sårbar tid. Utbygging av Mauranger 2, dei to pumpekraftverka og nye overføringskablar, vil kunna auka desse utfordringane.

Uavhengig av dette meina kommunane at konsekvensvurderinga burde tatt omsyn til dei negative konsekvensane som dei eksisterande reguleringar allereie har påført naturmiljøet i kommunane i dag. Til dømes har reguleringane gjort det vanskeleg for bruken av reguleringsmagasina og medverka til å redusera andre grupper sin bruk av naturområde som ligg ved anlegga. Det er viktig å hugse på at dei ulempene av opprusting/utviding av Folgefonnanlegga fører til, vil koma i tillegg til, og på fleire områder forsterka tidlegare påførte ulemper. I konsekvensvurderinga burde det også vore tatt omsyn til at konsesjonssøknaden kan gje relativt store avgrensingar for kva kommunane kan oppnå i den pågåande revisjonssaka når det gjeld endringar i manøvreringsreglementet, for til dømes kva krav som gjeld til magasinrestriksjonar og minstevassføring.

Etter kommunane sitt syn er det ein klar mangel ved konsesjonssøknaden at det kravet som er sett fram i vilkårsrevisjon korkje er nemnt i søknaden eller i KU-rapporten. Dette til tross for at NVE hadde opna sak om vilkårsrevisjon av konsesjonen for regulering av Maurangervassdraget *før* konsesjonssøknaden blei sendt. Kommunane saknar og ei utgreiing av i kva grad dei to sakene påverkar kvarandre. Etter kommunane sitt syn burde krava i revisjonssaka vore med i ei samla konsekvensvurdering i Mauranger 2.

I KU-rapporten er det føreslått ei rekke avbøtande tiltak som både vil kunne redusera mogleg forureining, og som vil kunna redusera negative verknadar for friluftsliv, naturmiljø, landskap

og kulturminne. **Kommunane legg til grunn at konsesjonsmyndighetane vil følge dette opp ved å fastsetje dei føreslegne avbøtande tiltaka som vilkår i konsesjonen.**

I fortsettinga vil kommunane knyta enkelte kommentarar til KU-rapportens konklusjonar med omsyn til tiltaket sine verknadar på enkelte temaer innanfor miljø, naturressursar og samfunn.

2.2.1 Hydrologi

I revisjonssaka har kommunane sett fram både krav om magasinrestriksjonar og krav om minstevassføring.

I KU-rapporten er det opplyst at konsesjonssøknaden ikkje omfattar nye reguleringsmagasin, eller bortføring av meir vatn frå elvar/bekker nedstrøms dei eksisterande reguleringsmagasina.

Kommunane har likevel gjennom tidlegare utbyggingar i Maurangervassdraget mv., kome med små krav til miljømessige tilpassingar, blitt påført betydelege miljømessige ulemper. **Kommunane meina difor at det i forbindelse med behandlinga av konsesjonssøknaden for det første må stillast krav om minstevassføring på alle fråførte elvestrekningar og alle elvestrekningar som vedkjem utbygginga av Mauranger 2.**

I kommunane sitt krav om opning av revisjonssak i brev datert 14. desember 2020 heiter det om dette:

«Lav vannstand og liten vannføring i elvene fører til en rekke utfordringer i vassdragene. Etter kommunens syn må slipp av minstevannføring vurderes som et aktuelt tiltak i flere av elvene som inngår i reguleringen. Minstevannføring er særlig viktig av hensyn til fisk.»

Tida er inne for å stilla krav til at Statkraft må gjera sitt for at tidlegare miljølempe blir redusert til eit minimum. Konsesjonsmyndighetane kan ikkje berre vurdere konsesjonssøknaden for Mauranger kraftverk og pumpekraftverka isolert, men må ta omsyn til dei store inngrepa og ulemper som allereie er blitt påført kommunane. I ein slik samanheng vil det være naturleg å ta ein fullstendig gjennomgang og fornying av vilkåra i eksisterande konsesjon, slik at dei samla negative miljøkonsekvensane av Statkraft si verksemd kan akseptertast av kommunane. Når det gjeld dei viktigste permanente miljøkonsekvensane ved utbygginga av Mauranger 2, har professor Bakken påpeikt i notatet på side 5 at det i korte periodar (i de våte periodene) vil tilkomme *«noe redusert vannføring i Øyreselva og Austrepollelve da disse trolig vil motta mindre flomvann («flomtap/overløp) fra overforliggende magasin (Mysevatn og Svartedalsvatn)»*. I notatet tilrår Bakken at vannføringskrava som eit minimum bør være alminneleg lågvassføring eller den såkalla Q95, men at den helst bør være basert på økologiske funksjonskrav (miljøbasert minstevassføring) eller miljødesign.

I vannressursloven § 10 første ledd står det følgende om kravet til minstevannføring ved nye konsesjoner:

«Ved uttak og bortledning av vann som endrer vannføringen i elver og bekker med årssikker vannføring, skal minst den alminnelige lavvannføring være tilbake, hvis ikke annet følger av denne paragraf. Det samme gjelder når vann holdes tilbake ved oppdemming.»

Bestemmelsen blei føreslått av Vassdragslovutvalget i NOU 1994: 12. Fleirtalet gjekk inn for at bestemmelsen også skulle gjelda for vassdragsreguleringar, slik at vilkåret om alminneleg lavvassføring tilbake i vassdraget skulle fastsettast i konsesjonen med mindre ei vurdering etter § 10 andre eller tredje ledd seier noko anna. Fleirtalet grunn gav sitt forslag slik, gjengjeve i Ot.prp. nr. 39 (1998–1999) punkt 8.6.2:

«På denne bakgrunn foreslår utvalget en generell bestemmelse om at «minst den alminnelige lavvannføring» skal være tilbake i vassdraget uavhengig av type inngrep. En slik regel antas å være relativt grei å håndtere samtidig som kriteriet «alminnelig lavvannføring» kan beregnes teoretisk dersom det ikke finnes måledata for det aktuelle vassdrag. Utvalget antar også at et krav om restvannføring lik den alminnelige lavvannføring vil treffe relativt bra når det gjelder et minimumskrav til opprettholdelse av planters og dyrs leveområder. Utvalget understreker at bestemmelsen må fungere som en yttergrense for maksimalt vannuttak slik at det ved konsesjonsbehandling skal kunne stilles krav om minstevannføring utover alminnelig lavvannføring. Lovens minstekrav bør ifølge utvalget rent unntaksvis kunne fravikes i konsesjon dersom tørrelegging eller lavere minstevannføring praktisk talt ikke medfører ulemper for allmenne eller private interesser, eller hvor verdien av ytterligere vannuttak er så stor at lavere minstevannføring likevel bør tillates.»

Mindretallet i utvalet gikk imot forslaget med denne grunngjevinga, gjengjeve same stad i Ot.prp. nr. 39 (1998–1999):

«Mindretallet viser til at det for nye kraftutbygginger normalt fastsettes bestemmelser om minstevannføring med utgangspunkt i den naturlige lavvannføringen både etter vassdragsloven og etter vassdragsreguleringsloven. Når det gjelder nye konsesjoner til kraftutbyggingstiltak, vil den foreslåtte regelen neppe innebære noe brudd med gjeldende praksis med unntak for bekkeinntak.»

I Ot.prp. nr. 39 (1998–1999) punkt 8.6.5 gjer departementet ei vurdering av Vassdragslovutvalgets forslag til § 10:

«Dissensen i utvalget er som nevnt bare knyttet til kraftutbyggingstiltak. Slike tiltak vil i praksis alltid være konsesjonspliktige og dermed falle innunder flertallets forslag til annet ledd i utk § 10. Under en konsesjonsbehandling vil det skje en grundig vurdering av et inngreps virkninger gjennom konsekvensutredninger og høringsprosesser. Det vil videre bli foretatt grundige avveininger både når det gjelder spørsmålet om tillatelse skal gis, og i vurderingen av hvilke vilkår som i så tilfelle skal fastsettes. Etter departementets syn bør lovteksten støtte opp om at det for alle konsesjonspliktige tiltak blir foretatt en slik grundig individuell vurdering også av hvilken restvannføring som er nødvendig. Når det først skjer en såvidt grundig vurdering ved fastsetting av andre konsesjonsvilkår, vil det også være naturlig at et såvidt sentralt vilkår som fastsetting av minstevannføring skjer på denne måten. Etter departementets syn har argumentet om unødvendig ressursbruk i denne sammenheng liten vekt. (...).

I en slik konkret vurdering skal alle relevante hensyn telle med, dvs hensynet til virkninger i vassdraget og til alle berørte brukerinteresser. For å synliggjøre enkelte viktige hensyn og påpeke at disse skal ha en særlig vekt, vil departementet gå inn for å opprettholde bokstav a-d i bestemmelsens annet ledd. Alle disse hensynene tar utgangspunkt i virkningene i vassdraget. I og med at det er vassdraget det gjøres inngrep i, er det en naturlig konsekvens at det er virkningene for vassdraget som fremheves. Disse hensynene skal også kunne begrunne lave eller ingen slippingskrav. Departementet understreker at oppregningen ikke er ment å være uttømmende (...).»

I dag blir det sett fast at det i praksis alltid er bestemmelsar om minstevassføring i nye konsesjoner for kraftutbygging, jf. vannressursloven § 10. Etter kommunane sitt syn må difor kravet om minstevassføring vurderast med utgangspunkt i denne bestemmelsen, der *alminnelig lavvannføring* er hovudregelen for minstevassføringa som skal vera tilbake i vass-strengen.

I revisjonssaka er ikkje kravet om minstevassføring avgrensa til Øyreselva og Austropollelva. Kommunane har bedt NVE om å vurdere minstevassføring også i andre elver, jf. de innkomne krava frå allmenne interesser inntatt i vedlegg 1 og 2 til brev av 14. desember 2020. Kommunane er av den oppfatning at konsesjonsmyndigheita både i samband med handsaminga av konsesjonssøknaden og revisjonssaka må vurdere om alle elvar som er fråført vatn i Folgefonna-anlegga skal ha ei minstevassføring.

I notatet har professor Bakken vidare peika på at endringar i magasinfylling truleg vil vera dei største negative konsekvensane av utbygginga i ein framtidig operativ fase, kor Svartedalsvatn og Mysevatn vil oppleve lågare vass-stand gjennom sommarperioden. På side 5 i notatet, er det i oppsummeringa vist til at fleire av magasinane «*vil oppleve reduserte vannstander (ved å sammenligne dagens tilstand med Mauranger 2, byggetrinn 2, i viktige perioder (sommerperioden) for turisme og det visuelle inntrykket av landskapet (se oppsummering i Tabell 1)*».

Konsesjonssøknaden står dermed i direkte motstrid til kommunane sitt krav i revisjonssaka kor det er bede om at det blir fastsett magasinrestriksjonar i dei same magasinane i sommerperioden av omsyn til landskap, turisme og friluftsliv. ***Kommunane meiner dirfor, for det andre, at det må stillast krav til magasinfylling på dei tider av året kor friluftinteressene er viktigast.***

I notatet er det i tillegg peika på manglar i analysane av framtidig magasinfyllingar, og reist spørsmål ved om endringane i magasinfyllingane blir omtalt som mindre alvorlege enn dei vil kunna bli opplevd i landskapet og i tilhøve til bruk av magasinane i sommarperioden.

Kommunane ber NVE i samsvar med tilrådinga frå professor Tor Haakon Bakken om å pålegge Statkraft å skaffa komplette analysar av alle aktuelle vatn/magasin under alle utvalte situasjonar (dvs. middeelveke, middel år, tørre og våte år).

I møter med kommunane har Statkraft gitt uttrykk for at kravet frå allmenta i revisjonssaka om høgare magasinfylling i enkelte periodar av året (særleg om sommaren) kan innebera at det kan oppstå konflikt med kravet om slepp av minstevassføring. Kommunane ser det slik at ved eventuelt motstrid mellom desse krava, vil kravet til minstevassføring av omsyn til fisk mv. være viktigare å oppfylle enn kravet til magasinfylling.

Professor Bakken har vidare i notatet på side 7 peika på 8 kulepunkt som han meina burde vore grundigare utreia av konsesjonssøker. Det blir mellom anna peika på:

«Det kan være at døgnvariasjoner ikke synes på utglattede grafer som viser utviklingen gjennom året, eller at nedtappingen i perioder med full produksjon fra alle enheter vil blir større/raskere enn hva som synes i analyseresultatene. Korttidsendringene vil kunne påvirke flere fysiske prosesser som potensiell stranding av fisk, bunndyr og andre vannlevende organismer, isproduksjon og stabilitet av isen og erosjon/utrasing. Hvor store kan vannstandsendingene (senkningene) bli ved maksimal kjøring av Mauranger 2 (samtidig som eksisterende Mauranger driftes for fullt)?»

Kommunane ber konsesjonsmyndighetene om å pålegge Statkraft å gjera reie for de 8 kulepunktene i notatet. Det blir særleg vist til at korttidsendingane i magasinane ikkje er gjort greie for.

2.2.2 Vanntemperatur, isforhold og lokalklima

Istilhøve, vassstemperatur og lokalklima blir ikkje sett på som vesentleg endra (i negativ grad) av dei planlagte tiltaka, jf. konsesjonssøknaden side 51. Det går likevel fram at Blådal pumpestasjon vil kunna resultera i svekka is i nærheita av inntaket i Midtra Kvitnadalsvatnet, og pumping om vinteren vil kunne føre til variasjon i vasstanden og moglegheit for svekka is langs bredda av vatnet.

Kvinnherad turlag er av denne grunn uroa for at isen vil kunna være svekka også mot sommarstid, og at dette igjen vil kunne føre til utrygg ferdsel ved turar som i dag blir arrangert fleire gonger årleg, for eksempel Folgefonna på langs med start frå skisenteret i Jondal og med mål i Blådalsboten/Rosendal. Denne turen går i vår- og sommarmånadane april, mai og juni, og kryssing av den is- og snødekte Midtra Kvitnadalsvatnet er ein del av turen. At denne ruta kan haldast open gjennom heile turistsesongen, er difor viktig for turisme og ferdsel i fjellet.

Kommunane ber om at det blir fastsett krav i konsesjonen om at dei negative konsekvensane ved pumping blir sett til eit absolutt minimum og at ein kan sjå på avbøtande tiltak for turgåande.

2.2.3 Erosjon

Erosjon er ikkje eit stort problem i magasina i dag. Dei omsøkte pumpekraftverka og ein vesentleg auke i slukeevne med Mauranger 2 kraftverk, vil likevel kunne føre til større vass-standsendingar på kort tid, og dermed også erosjonsproblem. Det blir vist til konsesjonssøknaden side 56 der erosjon og sedimenttransport er skildra nærare.

Førebygging mot klimaendringar med våtare og mildare vær, her under ras og erosjon, er sett fram som eit krav frå fleire allmenne interesser i revisjonssaka og kravet er vurdert av Kvinnherad kommune som svært viktig.

Kommunane legg til grunn at Statkraft vil bli pålagt å iverksette naudsynte tiltak både i konsesjonssaka og i revisjonssaka for å redusere dei negative konsekvensane ved erosjon til eit absolutt minimum.

2.2.4 Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

I konsesjonssøknaden er det peika på at det er flere aktivitetar under den aktuelle utbygginga som kan gje negativ effekt på vasskvaliteten i vassdraget i anleggsfasen som:

- Tunneldriving (utslepp av tunnelvatn)
- Massetransport og generelle anleggsarbeider
- Bygging av konstruksjonar (bekkeinntak/sperredammer/utløpskanal)
- Etablering av massedeponier

Videre heiter det følgende under den samla vurderinga på side 84:

«Under forutsetning av at tunnelvannutslippene renses som normalt, vurderes prosjektet å kunne gi Betydelig miljøskade, med risiko for vannforurensing og forringet tilstand etter vannforskriften. Dersom det slippes ut urensset tunnelvann, vurderes konsekvensen å kunne gi Alvorlig miljøskade for Austrepollelva og Markjelkevatnet, med stor risiko for vannforurensning og forringet tilstand etter vannforskriften. Deponi ved koblingsanlegget vurderes å kunne gi Betydelig miljøskade for forurensning i Austrepollelva, men om massene deponeres ved kai-området (Ubetydelig til Noe miljøskade for Maurangsfjorden).»

Dersom tiltaket vil gje ein forringing av vasskvaliteten under anleggsfasen, forventa kommunane at det blir sett krav om at regulanten skal redusere dei negative konsekvensane for miljø og lokalbefolkninga i anleggsfasen til eit absolutt minimum.

Når det gjeld massedeponi, viser SWECO i KU-rapporten på side 180 at massedeponia er planlagt plassert der det tidligere har vore tatt ut morenemasser (Markjelkevatnet) og der det tidligere har vore deponert tunnelmasser (Mauranger). Av denne grunn vurderar SWECO at massedeponia «vurderes å ha liten betydning for naturmangfold og landskap sammenlignet med tidligere inngrep».

Til dette vil kommunane gje melding om at særleg massedeponiet i Markjelke-området blir svært omfattende og skjemmende. Det har gått lang tid sidan førre utbygging, og området har nå langt på vei grodd igjen. Eit nytt massedeponi i dette området vil difor på ny stå fram som eit stort sår i landskapet.

Anleggsfasen representerer vidare ein stor risiko for forureining og tilslamming av vassdraga. SWECO har sjølv sagt i KU-rapporten at det vil «være viktig at nødvendige avbøtende tiltak gjennomføres slik at negative virkninger av anleggsarbeidene minimaliseres».

Professor Bakken har i notatet på side 8 sagt at at hovedproblemet truleg vil vera «avrenning fra tunneldrift, transport og deponering og vil kunne skape forurensningssituasjoner i vassdragene, og evt. tilslamming i elver grunnet lekkasjer av finstoff».

I samsvar med tilrådingane i notatet til Bakken krev kommunane at **Statkraft blir pålagt å ha god overvaking av situasjonen under heile anleggsfasen, og at det blir utarbeidd planar for raskt og effektivt kunne handtera eventuelle uforutsette hendingar.**

I dei elvestrekningar der avrenning av finstoff kan redusere levevilkåra for fisk, ber kommunane om at **det blir sett som vilkår i konsesjonen at «elverestaurering» skal gjennomførast i Austrepollelva og Øyreselva når anleggsarbeidet er avslutta. I tillegg bør utbyggar bli pålagt å iverksette alle relevante tiltak for å stimulera til auka fiskeproduksjon om biodiversitet.**

Utbyggar bør då iverksette alle relevante tiltak for å stimulera til auka fiskeproduksjon om biodiversitet. I tillegg føreslår kommunane såkalla «offsetting», det vil sei at Statkraft blir pålagt å iverksette kompensierende naturrestaurering for dei områda som er eller blir negativt påverka av eksisterande Mauranger eller Mauranger 2, sjå nærare i rapporten frå Bakken.

2.2.5 Naturmangfald

Det går fram av konsesjonssøknaden på side 60 at samla vurdering av naturmangfald på land er «Noe negativ konsekvens». Vidare står det på side 61 flg. at når det gjelder naturmangfald i sjø og ferskvatn, blir konsekvensen vurdert for urørte vatn og bekkeløp å vera «Noe miljøskade». For dagens berørte vatn og bekkeløp blir konsekvensen vurdert å vera «Noe negativ miljøskade». I Austrepollelva blir konsekvensen vurdert å vera «Ubetydelig miljøskade», og det same for Indre Maurangerfjord. Vidare går det fram at samlet vurdering av «konsekvens for naturmangfold i sjø og ferskvatn er noe negativ dersom masser deponeres ved koblingsanlegget, men ubetydelig dersom alle masser deponeres ved kaiområdet».

Også til konsekvensvurderingane av dette fagtemaet, saknar kommunane ei vurdering som tek inn over seg dei skadar og ulemper reguleringane allereie har ført til. Det er trass alt dei samla konsekvensane som vil vera avgjerande for tiltaket sin verknad på biologisk mangfald.

Kommunane ber om at regulanten blir pålagt å koma tilbake med forslag til løysingar som totalt sett kan gje ein betra situasjon for naturmangfaldet i vassdraget, jf. også kommentarane i punkt 2.2.4 over.

2.2.6 Landskap og friluftsliv

Generelt

Fordi reguleringen i stor grad har vanskeleggjort bruken av vassdraget og området rundt vassdraget for allmenne interesser, er tilrettelegging for landskap og friluftsliv noko som bør pålegges Statkraft i forbindelse med behandlingen av konsesjonssøknaden.

Kommunene ber om at Statkraft vert pålagt å tilretteleggje for auka friluftsliv/turisme i dei viktigste delene av vassdragene som fører inn til Folgefonna/dei viktigste områdene for besøkande.

Kommunane ønskjer ein dialog med Statkraft for å sjå på moglegheitene for eit samarbeid om konkrete tiltak rundt dei viktigaste lokalitetane, som til dømes bru ved utlaupet av Botnatjørna (ved Jukla kraftstasjon) og opparbeiding av ny tursti på sørsida av Botnatjørna til fordel for tursti på nordsida. Sjølv om desse områda ikkje er direkte rørt av utbygginga av Mauranger 2, er det ein del av det totale sakskomplekset. Det blir vist til at kommunane i revisjonssaka har fremja krav om bru over elva mellom Torsnutvatnet og Røvavatnet. Dette er eit krav som er viktig for at turistar og grunneigarar skal kunna ha ein god oppleving av friluftslivet.

I revisjonssaken har kommunane og bedt om at Statkraft vert pålagt å rydde opp i forureining frå anleggstida, og at det blir stilt krav om innkapsling og sanering av tidlegare deponi for å hindra lekkasjar. Videre er det peika på at tippen ved Midtre Kvitnadalsvatnet er skjemma og bør arronderast. Restar etter linja frå Svartedalen til Midtra Kvitnadalsvatnet bør og fjernast. Dei lokale opplever at vilkåra i eksisterande konsesjon ikkje har blitt gjennomført og fulgt opp godt nok.

Særlig om Goddalsvatnet

Eit vatn som ikkje er rørt i utbyggingssøknaden til Statkraft, er Goddalsvatnet som ligg nedstrøms Jukla kraftverk. Goddalsvatnet ligg i eit område som er mykje brukt til utfart. Sjølv om området ikkje er direkte rørt av utbyggingsplanane, har vatnet for lite tilsig frå regulering ovanfor slik at vass-standen ligg lågare enn før og dette er skjemma. **Kvinnherad kommune ønsker difor at det skal stillast krav om at Statkraft i forbindelse med opprustning/utviding av Folgefonnaleggene skal tilrettelegge for normalvass-stand/stabilisere vassspeilet i Goddalsvatnet gjennom turistsesongen.** Dette vil truleg også bidra til å sikre betre miljø og bedre oppvekstvilkår for fisk.

3 Kva innvirkning vil utbygginga ha på kommunane sin økonomi?

Utgangspunktet for kommunane si vurdering av konsesjonssøknaden vil vera ei kartlegging av kva føremoner og ulemper den utbygging som er søkt om vil ha for kommunen, kommunen sine innbyggjarar og framtidige generasjonar. Dette går fram av vannressurslova § 25, kriterier for konsesjon, som lyder:

«Konsesjon kan bare gis hvis fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørfeltet.

Når et tiltak er av varig karakter eller av andre grunner kan få mer langsiktige virkninger skal kravet i første ledd være oppfylt på lengre sikt.»

Ei samla vurdering sett frå kommunen si side må bygge på kva skade og ulempe på naturmangfald og utbygginga sine nære omgjevnadar som vil skje og dels kva økonomiske verknadar utbygginga vil ha for kommunen.

Det har vore eit hevdvunne prinsipp i meir enn 100 år at dei lokalsamfunn som blir utsett for slike naturinngrep, har krav på vederlag for dei verdiar som ein avstår. Bakgrunnen for dette er at fleire av naturinngrepa som følger ein vassdragsutbygging, grip inn i allmenne verdiar som retten til ferdsel, fiske, friluftsliv, reiseliv og retten til urørt natur.

Kommunestyret ser det som eit stort paradoks at det i konsekvensutgreiingane for dei lokaløkonomiske verknadane i all hovudsak er føretatt utrekningar basert på den beskjedne produksjonsauken og ikkje dei effekt- og regulerbarverdiar som er ifølge Statkraft er «hovedgevinsten ved tiltaket». - Forklaringa er at gjeldende konsesjons- og skatteregime ikkje er

etablert med grunnlag i effekt- og pumpekraftanlegg som Mauranger 2, men med grunnlag i tradisjonelle vasskraftverk med energinvinning som hovudføremål.

Kommunestyret vil vise til at Energikommisjonen i NOU 2023:3 nettopp har peika på denne svakheiten ved gjeldende vasskraftregime. Ei samla kommisjon uttalar i kap 10.4.6- Kommunen si rolle:

«Det er bred enighet om at tilslutning fra kommuner som blir berørt av større kraftprosjekter er en avgjørende forutsetning for gjennomføringen. I det offentlige ordskiftet og i offentlige utredninger er det gjennomgående at insentiver må til, at de som tar på seg en byrde også skal ta del i oppsiden og at den lokale forankringen må på plass.

Med bakgrunn i våre klimaforpliktelser og kraftbehov fremover er det ikke bare en utfordring å sikre det nødvendige grunnlaget for mer fornybar kraftproduksjon, men det er også en stor utfordring å få opp tempoet i fornybarutbyggingen. Det stiller store krav til effektivisering av våre konsesjonsprosesser. Her viser erfaring at jo tydeligere de positive, lokale virkninger av en utbygging er, desto lavere blir konfliktgraden og raskere går prosessen. Insentivene vil bidra til å redusere risikoen for at vertskommunenes rolle blir en stor barriere for økt produksjon av fornybar kraft.

Hensynet til de berørte lokalsamfunn er også studert i europeisk sammenheng. Det heter eksempelvis i NOU 2012: 9 Energiutredningen, kapittel 6.5:

«Fra EU-hold er det understreket at en av de største barrierene i dag mot omleggingen til fornybar energi, er motstand fra de miljøer som må avstå sine naturressurser, og som blir direkte berørt av varige naturinngrep (Rebelgroup, 2011).»

Dette er i tråd med de erfaringer vi gjennom generasjoner har fra vannkraftsektoren og nyere erfaringer fra vindkraftsektoren. Et mer enn hundreårig vannkraftregime med egne regler for å ivareta de berørte lokalsamfunn, har vist seg vellykket og har ført til at vannkraftutbyggingen i det store og hele har fått tilslutning fra ressursdistriktene. Den motsatte erfaringen har vi de senere årene hatt på vindkraftsektoren, med sterk og økende lokal motstand. Vindkraftsektoren har ikke hatt tilsvarende ordninger som tilgodeser vertskommuner, som vannkraftsektoren. Vannkraft: Den vannkraftutbygging som vil være mest aktuell fremover, vil være av en noe annen karakter enn vår tradisjonelle vannkraft. Om dette uttaler et enstemmig utvalg i NOU 2012: 9, kapittel 6.5:

«Det er grunn til å reise spørsmål om de institusjonelle ordningene som historisk er etablert rundt vannkraften, er like egnet til å organisere verdifordelingen mellom stat, utbygger og berørte distrikt for framtidens fornybarpolitikk. De gjeldende fordelingsordninger, som det fram til i dag har vært alminnelig enighet om, er basert på egenskaper ved tradisjonelle vannkraftverk og er ikke like relevante for morgendagens vannkraftanlegg – pumpekraftverk, effekt- og elvekraftverk. Det er registrert økende lokal motstand mot nye vannkraftanlegg begrunnet i slike forhold.»

Dette taler for at det gjeldende vannkraftregimet gjennomgås for bedre å ta opp i seg både dagens og morgendagens utbygging. Et eksempel på at dagens konsesjons- og skatteregime ikke er tilpasset den vannkraftutbygging vi vil se fremover, er reglene om naturressursskatt. Naturressursskatten beregnes av samlet kraftproduksjon, skatteloven § 18-2.

Totalproduksjonen for kraftverket skal reduseres med medgått pumpekraft og dette vil påvirke beregning av naturressursskatten for det aktuelle kraftverket. Lavere netto produksjon gir lavere grunnlag for naturressursskatt. Et annet eksempel er konsesjonskraftordningen, hvor reglene forutsetter en vassdragsregulering og hvor opprustning- og utvidelsesprosjekter har vist seg å føre til høyere konsesjonskraftpris uten korresponderende konsesjonskraftmengde for vertskommunen.»

På anmodning fra kommunane, har Statkraft kome med ei utfyllande vurdering datert 2. desember 2022 av dei økonomiske konsekvensane utbygginga av Mauranger 2 vil få for kommunane.

Ifølge Statkraft vil ringverknadane av auke i tal årsverk truleg vera større for regionen enn for Kvinnherad og Ullensvang. Odda ligg nær prosjektområdet, og det er antatt at bedrifter i Ullensvang kommune i sum truleg vil få større omsetning enn bedrifter i Kvinnherad.

Det er opplyst at Kvinnherad kommune vil motta eiendomsskatt under bygging av Mauranger 2 basert på investert kapital i byggefasen. I driftsfasen er det opplyst at bygginga av Mauranger 2 kraftverk vil gje ei auka eiendomsskatt til Kvinnherad kommune på ca. 1,5 mill. kr pr. år.

Kommunane saknar ei utgreiing for i kva grad auka driftsinntekter som følge av auka produksjon vil bli redusert som resultat av avskrivningar for investeringa. I tillegg vil eiendomsskatten sin størrelse være avhengig av framtidige energipriser.

Statkraft opplyser at Kvinnherad kommune vil motta nærmere 0,9 mill. (1,1 øre/kWh, dagens kroneverdi) meir i auka naturressursskatt som følge av produksjonsøkningen (79 GWh). Dei oppgitte beløpa refererar seg imidlertid til brutto naturressursskatt, og som Statkraft er kjent med, blir naturressursskatten utjamna i det statlege inntektssystemet for kommunane. Dette fører til at hovudtyngda av naturressursskatten kjem andre kommunar til gode.

Når det gjeld konsesjonskraft, har SWECO anslått at auken i kraftgrunnlaget vil utgjera 38 500 – 45 600 nat.hk. i hhv. Trinn 1 og etter trinn 2. Det er opplyst at det gir ei auke i konsesjonskraftvolumet på 20-24 Gwh. Statkraft legg til grunn at dersom krafta blir selt vidare for 50 øre/kWh, så vil Kvinnherad få en meirinntekt frå konsesjonskrafta på 8-9 mill.kr/år. Dersom det er tale om ei produksjonsauke på 79 GWh, reiser kommunen spørsmål om konsesjonskraftmengda kan bli så stor?

I tillegg kjem at Inntektssystemutvalet – NOU 2022:10 – har føreslått at delar av kommunen sine konsesjonskraftinntekter skal bli inndratt i grunnlaget for inntektsutjamninga kommunane mellom. Dersom dette forslaget blir vedtatt, vil SWECO sine berekningar også av denne grunn vera urette. Kommunane vil peika på at utvalet sitt forslag svekka kommunane sine insentiv for å gje sin tilslutning til nye vasskraftprosjekt.

Når det gjelder den oppgitte årlege inntekta frå konsesjonsavgifta, er konsesjonsavgifta som Statkraft påpeikar ein kompensasjon for generelle skader og ulemper av allmenn karakter som ikkje blir erstatta på anna måte ved utbygginga. Dette er med andre ord ikkje noko «forteneste» som følge av utbygginga, men ein erstatningsutbetaling på lik line med all anna erstatning som skal dekkja det økonomiske tapet – her tapet av naturverdiar.

4 Samordning av utbyggingssaka og revisjonssaka i Maurangervassdraget

Både revisjonssaka og nærverande konsesjonssøknad gjeld same vassdrag – Maurangervassdraget. I Olje- og energidepartementet sine retningslinjer for revisjonssaker av 25. mai 2012 vert det uttalt fyljande om sammenhengen mellom ny kraftutbygging og revisjonssaker:

«Ved å hente nytt vann inn i bestående reguleringer fra tiliggende nedbørfelt kan en både sikre og øke kraftproduksjonen og få større fleksibilitet når det gjelder å ta hensyn til miljøkrav i en revisjonssak. En kombinasjon av O/U og revisjon vil gi muligheter for i større grad å avbøte skader og ulemper i vassdraget, samtidig som kraftproduksjonen kan opprettholdes og i noen tilfeller økes. [...]

NVE ser O/U- prosjekter og revisjon i sammenheng der det er hensiktsmessig og mulig. Dette er en praksis som vil bli videreført i kommende revisjonssaker. NVE skal i framtidige revisjonssaker be konsesjonæren vurdere om det finnes realistiske O/U- prosjekter som kan ses i sammenheng med vilkårsrevisjonen. En slik første grovvurdering av potensielle O/U- prosjekter bør eventuelt gjøres tidlig i prosessen.

*I de tilfeller der en vilkårsrevisjon og et O/U-prosjekt berører samme konsesjon eller konsesjoner, skal NVE søke å behandle revisjonskravene sammen med konsesjonsbehandlingen av O/U-prosjektet. **Gjennom endring av eksisterende vilkår og/eller fastsettelse av nye vilkår, kan mange av kravene i en revisjon bli løst.** [Uthevet her.]»*

Etter kommunane sitt syn er det av stor verdi at saka om vilkårsrevisjon blir samordna med behandlinga av den nye konsesjonen. Begge sakene dreiar seg om til dels same problematikk.

I nasjonal gjennomgang av vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022, utgitt av NVE og Miljødirektoratet i september 2013, er Maugangervassdraget kategorisert i klasse 1.1 Høg prioritet – dvs. vassdrag med stort potensiale for forbetring av viktige miljøverdiar, og med antatt lite eller moderat krafttap i forhold til forventa miljøgevinst. Som aktuelle tiltak er det mellom anna peika på:

- Minstevannføring i Austrepollelva og Øyreselva for å betra tilhøva for sjøaure.
- Magasinrestriksjonar i Mysevattn og Svartdalsvatn av omsyn til landskap og friluftsliv

Dette er begge forhold som er berørt av utbyggingssaka.

Revisjonssak blei opna ved NVEs brev 25. april 2022, og Statkraft har fått utsatt frist til 1. februar 2023 til å utarbeida eit revisjonsdokument. Det blir forventa at revisjonsdokumentet deretter snarleg vil bli sendt ut på høyring.

Når revisjonssaka og utbyggingssaka handla om til dels overlappende tilhøve i saka som ligg føre, vil utbyggingssaka verka direkte inn på allmenne krav i revisjonssaka. Konsesjonssaka og revisjonssaka bør difor få ei felles behandling framover, slik at ei samla vurdering av ny kraftinnvinning og mogelege

miljøforbetringar blir føretatt. Dette vil være i tråd med departementet sine retningslinjer som er omtala over.

Kommunane understrekar at det i alle tilfelle blir forventast at ein konsesjon til Mauranger 2 ikkje vanskeleggjer miljøforbetrande tiltak som kan forventast bli introdusert gjennom ei modernisering av vilkåra i konsesjonen for Mauranger.

Av denne grunn meiner kommunane det er heilt sentralt at det blir lagt opp til ei felles befaringsprogram i dei to sakene våren 2023, kor alle involverte partar er til stades.

Kommunane ser fram til NVE sin tilbakemelding på befaringsprogrammet og ei nærare drøfting med Statkraft og dei berørte kommunar om befaringsprogram.

Vedlegg 1: Notat fra professor Tor Haakon Bakken, NTNU, f«Vurdering av miljøkonsekvenser av Mauranger 2 i lys av den kommende revisjon» datert 11. januar 2023.